

# Departementer i kamp

**A**lle som er opptatt av politiske saker som berører Bygde-Norge, legger merke til den fastlåste og bitre konflikten mellom Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet. I den ene saken etter den andre blusser stridene opp mellom Sp-statsråd Lars Peder Brekk og SV-parhestene Erik Solheim/Heidi Sørensen. Motsetningene forsterkes ved et dypt ideologisk skille i synet på natur og naturbruk. Når den en parten betrakter naturen, griper man gjerne etter en fredningsbestemmelse. Den andre parten tenker like kjapt på bærekraftig høsting.

**Eksempelene er blitt** betenkelige mange. For noen uker siden

kokte for landbruksminister Lars Peder Brekk da han gikk løs på naturindeksen til Direktoratet for naturforvaltning, Miljøverndepartementets korsfarere. Og for noen få dager siden hørte vi hvordan Norske Skogs behov for trevirke forkuldres av DN's motstand mot skogsbilveier som bygges nærmere enn 5 kilometer i luftlinje fra uberørt område, altså etter den beryktete INON-standard.

**Stadig flere betrakter** denne striden med bekymring. Noen fordi den lammer framdriften av saker som er viktige for Bygde-Norge. Andre fordi den er en verkebyll i den rødgrønne regjeringen. Aps stortingsrepresentant i Nord-Trøndelag, Gerd Janne Kristoffersen, sier til Trønder-Avisa at situasjonen

## Oppsummert

### Strid

**1** Striden mellom Miljøvern- og Landbruksdepartementet virker stadig mer fastlåst.

### Lammer

**2** Den truer med å lamme framdriften av saker som er viktige for Bygde-Norge.

### Mekling

**3** Statsminister Jens Stoltenberg må prøve å mekle fram en løsning.

skapere spenninger i regjeringen. Det tror vi henne absolutt på.

**Vi har tidligere** hevdet at striden bare kan løses ved ett av to grep, dersom Bygde-Norge interesser skal ivaretas: Det ene er at Sp får hånd om Miljøverndepartementet, i hvert fall den delen som har med naturbruk og -vern å gjøre. Etter vårt syn må dette være et hovedmål for Sp ved neste statsråds-roking. Alternativet er at Arbeiderpartiet får miljøvernministeren. Ap-løsningen er rimeligvis den mest realistiske. Men uansett må Jens Stoltenberg og partilederne i SV og Sp prøve å mekle fram løsninger som kan løsne opp frontene. Dagens situasjon er ingen tjent med.



av andre



«Upprør»: Ottadalen kjemper for sin G35.

FOTO: SCANPIX

### Brunost I

\* «Ordet 'oppør' er lett å bruke i tide og utide når nokon er misnøgdde med noko, og misnøye er ikkje mangelvare i verdas rikaste land. Men når kokken Arne Brimi og andre i Ottadalen no snakkar om 'oppør', er det noko meir enn ei tabloid overdriving eller politisk ønsketenkning.»

**Alf Skjeseth, journalist i Klassekampen, om G35-kampen.**

### Brunost II

\* «Dersom engasjementet for G35 kan bidra til auka forståing for samanhengen mellom pris, kvalitet, miljø og helse, er det reine kinderegget.»

**Alf Skjeseth vidare om kampen for å beholde G35-produksjonen i Otta-dalen.**

### Bønder brenner

\* «Overalt der norske bønder har dyrket frukt, har de presset saft og sider og brent sprit. Men med avholdssak, forbudstid, samvirke og monopol, forsvant mange av de lokale småproducentene. I hvert fall ofisielt.»

**Fra reportasjen «Norsk pol- invasjon» i Dagens Næringslivs magasin D2 fra fredag. Mye elendighet på en gang altså.**

### Spisetvang

\* «Høyres Linda C. Hofstad Helleland synes alle stortingsrepresentanter bør takke ja når kong Harald inviterer til middag. Det får holde at SVer må sluke kamel i regjering.»

**Underleder i Dagens Næringsliv.**



Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

# Kvifor England slit

## DAGENS GJEST

**Nokon hadde hengt** opp ein kommentar frå Financial Times Weekend Magazine over kaffimaskina. Framom hadde det samla seg ei klyngje middelaldrande og litt slitne mannlege akademikarar, gråe i andletet og ikkledd beige fløyelsbrok og ruta pullover. Ei lita gruppe britar, evig skadde av forhistoriske kostskuleskikkar. Der stod dei altså med armane langs sida og harselerte over ikkje-engelsktalande sin «globish», som kunne gjere sjølv dei beste konferansane om til eit sant mareritt for desse toppane av den globale intellektuelle elite.

**Den eine hadde** nett vore på ein konferanse med forskarar frå heile Nord-Europa, kunne han fortelje, alle hadde halde innlegga sine på engelsk. Det monotone språket og dei distraherande aksentane hadde fått dei til å høyrast ut som om dei snakka med ein diskett i ryggen.

**Når det kom** til dei engelsktalande sjølv derimot, var situasjonen heilt annleis. Kvar gong nokon av dei opna munnen vakna nemleg publikum. Dei evna å vere både morosame og nyanserte. Nett derfor hadde han hengt opp den-

ne avis kommentaren der Simon Kuper kjem med påstanden; «we weren't more intelligent than the foreigners, but we sounded it, and so we were heard.» På kort sikt og på eit reint individuelt plan har han nok rett når han skriv vidare; «The global rise of bad English is helping us native speakers rise». Men på lengre sikt vil den sjølv-gode britiske arrogansen som utspelte seg ved kaffimaskina ikkje berre råke den einskilde britiske akademikaren, men også heile det britiske samfunnet.

**Mykje tyder på** at britiske akademikarar, særleg innan samfunnsfaga driv ein utprega heimleg kunnskapsinnavl. Ein gjennomgang av siste vitenskaplege artikkel til kvar av dei kjepphøge forskarane framom kaffimaskina vitna også om ei utbreitt sjølvbestøving ved det prestisjefylte London-universitetet.

**Dei fem artiklane** hadde i gjennomsnitt 48 referansar kvar, derav berre 7 referansar som synta til forfatarar som var føydd eller oppvaksen i eit ikkje-engelsktalande land. Trekkjer ein ifrå klassikarane som Max Weber og Karl Marx og i tillegg forfatarar med globale posisjonar som Jürgen Habermas, Pierre Bourdieu, Ulrich Beck, Bo Rothstein og



**Bjørn Egil Flø**

Bjørn Egil Flø er forsker ved Norsk senter for bygdeforskning

Jon Elster, set me att med totalt tre referansar av 48 som syner til forfatarar som ikkje har engelsk som morsmål.

**Mykje av kongstanken** bak internasjonaliseringa av forskinga er at forskarar skal lære av kvarandre. Dei skal møte andre måtar å tenke på og oppleve korleis praksis og teori skil seg i ulike kontekstar, det vere seg kulturelle, historiske, materielle og endå klimatiske kontekstar. Dei skal finne inspirasjon til å oppdage teoretiske opningar som kan bidra til mellom anna å etablere tillit og dermed styrke den sosiale kapitalen i eit samfunn som til dømes England. Og ved å lytte til røynselne svenskane har gjort seg i samband med nullvisjonen for trafikkdrepne, kan kanskje England ta avgjerande steg i sin eigen kamp mot trafikkdød. Kanskje kan engelskmennene spare millionar av pund på helsebudsjettet sitt om forskarane deira hadde lytta til norske friluftslivs- og utmarksforskarar.

**Men så lenge** britiske akademikarar ikkje orkar høyre «globish», og så lenge dei ikkje har tolm til å lese mindre elegante tekstar av forskarar som ikkje beherskar herrefolkets vidd og ironi, vil dei halde fram sitt intellektuelle innavl og arrogante språklege onani.

## INNAVL

«Mykje tyder på at britiske akademikarar driv ein utprega heimleg kunnskapsinnavl.»